



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2366

Vår dato
03.04.2014
Dykkar dato
21.03.2014

Vår referanse
2014/3941 423.1
Dykkar referanse
14/1747

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lindås – gnr. 196 bnr. 155 - Leiknes - Planering av tomt og oppføring av støttemurar - Gebyr

Vi viser til oversending frå Lindås kommune, mottatt av Fylkesmannen i Hordaland 21.03.2014. Vi viser vidare til tilleggsinformasjon i saka, mottatt her 27.03.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 gjer Fylkesmannen følgjande

vedtak:

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt avvisningsvedtak av 17.01.2014, sak 1272/2014.

Bakgrunn

Lindås kommune gav 06.12.2013, sak 27771/2013, løyve til planering av tomt og oppføring av støttemurar og godkjente ansvarsrettar. I løyvet blei det gitt eit samla gebyr på kr. 19 000.

Tiltakshavar Tom Solemdal klaga på gebyret i e-post av 16.12.2013. Klaga gjaldt gebyr for handsaming av søknad om planering av tomt og oppføring av støttemurar.

Lindås kommune handsama saka den 17.01.2014, sak 1272/2014, og fatta vedtak om å avvise klaga. Vedtaket om å avvise klaga blei påklaga av tiltakshavar i e-post av 22.01.2014. Lindås kommune handsama klaga den 21.03.2014, og tok ikkje klaga til følgje. Saka er sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Når det gjeld bakgrunn for saka elles, viser vi til saksdokumenta som vi legg til grunn at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl.) § 17 første ledd.

Fylkesmannens vurdering

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl § 34. Klageinstansen kan anten stadfeste, gjere om eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Plan- og bygningslova § 33-1 første ledd gir kommunen heimel til å gi gebyr i byggjesaker.

Det følgjer av fvl. § 28 første ledd at enkeltvedtak kan påklagast.

Problemstillinga er om kommunens fastsetjing av gebyret kan reknast for å vere eit enkeltvedtak, som det dermed er rett til å klage på, jf. fvl. §§ 2 og 28.

Etter fvl. § 2 første ledd bokstav a og b er eit enkeltvedtak «*en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet*», og «*som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer.*»

I uttale frå Justisdepartementets lovavdeling av 29.08.1989 går det fram at utforminga av gebyrregulativet er avgjerande for om det fastsette gebyret kan reknast for å vere eit enkeltvedtak. Der gebyrregulativet er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ikkje fastsetjing av gebyret reknast for å vere følgje av ei individuell avgjerd. Vidare vil heller ikkje gebyr som er fastsett etter differensierte gebyrsatsar vere enkeltvedtak, viss det ikkje er knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastsetje gebyret i den einskilte sak, men berre er tale om kalkulasjon av faktiske kjensgjerningar.

Lindås kommune har fastsett gebyret gjennom eit gebyrregulativ, der gebyra er standardiserte og direkte knytt opp mot dei ulike tenestene. Kommunen seier at det ikkje har vore faktisk eller rettsleg tvil med omsyn til fastsetjing av gebyret i saka, og at det ikkje er gjort skjønsmessige vurderingar i samband med dette.

Fylkesmannen finn at fastsetjing av gebyret ikkje er gjort som følgje av ei individuell avgjerd av kommunen, og dermed ikkje kan reknast for å vere eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl. §§ 2 første ledd bokstav a og b og 28 første ledd.

Klaga har etter dette ikkje ført fram.

Fylkesmannen stadfester etter dette Lindås kommune sitt avvisningsvedtak av 17.01.2014, sak 1272/2014.

Fylkesmannens vedtak på side éin er endeleg, og kan ikkje påklagast vidare, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Fylkesmannen vil gjere merksam på at det er mogleg å søkje om redusert gebyr dersom det ligg føre «særleg grunn» i den konkrete saka, jf. Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013 punkt A4.

Med helsing

Svein Bjerkeng e.f.
underdirektør

Silje Sævik Bøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Tom Solemdal Gaupåsvegen 251 5265 YTRE ARNA

